



Noregs vassdrags- og energidirektorat
v/ Kirsten Marthinsen
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Voss og Bergen, 24. mars 2015

Fråsegn gjeldande søknad om Møyåni kraftverk

Vi viser til brev 16. desember 2014 frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) om småkraftpakke Vaksdal I. Møyåni kraftverk er éin av seks søknader i denne småkraftpakka. Fråsegna i dette brevet gjeld søknaden om Møyåni kraftverk (NVE saksnummer 201107613). Tiltakshavar for prosjektet er Nordkraft Vind og Småkraft AS.

Voss Utferdsdag er ei sjølvstendig medlemsforeining med 1183 medlemmer. Bergen og Hordaland Turlag er Vestlandets største friluftslivorganisasjon med 25.979 medlemmer. Både organisasjonane skal arbeide for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv. Vi arbeider også for natur, kultur og miljøvern innanfor vårt geografiske virkeområde. Området som femner om Vossa-, Kvamma- og Bergsdalsfjella er eit populært og viktig regionalt og lokalt friluftslivområde. Eit nettverk av hytte- og stier i DNT-systemet går gjennom desse fjellområda. Voss Utferdsdag har hytte- og stinett som går i prosjektområda som no er aktuelle for utbygging, medan Bergen og Hordaland Turlag har eit hytte- og stinett i eit område som knytter seg opp til stinettet til Voss Utferdsdag.

Prosjektområdet ligg i Voss kommune. Elva Møyåni hører til Bergsdalsvassdraget (vassdragsnummer 061.Z). Elva Møyåni renn frå nedre Kvålsdalstjørni og ned til Hamlagrøvatnet. Nedre Kvålsdalstjørni får mellom anna tilført vatn frå Songrøvatn gjennom ein overføringstunnel som går gjennom Songrøfjellet. Nordkraft Vind og Småkraft AS søker om å få utnytta fallet mellom nedre Kvålsdalstjørni og Hamlagrøvatnet. Det er planlagt å etablera ein dam ved nedre Kvålsdalstjørni med følgjande dimensjonar: a) 4-5 meter høg og b) lengde 15-25 meter. Ei rørygate er planlagt i grøft på vestsida av Møyåni. Vassvegen vil vera 1750 meter lang. Delar av grøfta må sprengast ut i terrenget.



Bilete 1 Utsyn over Hamlagrøvatnet frå Hodnaberg kraftstasjon. Møyåni til venstre i biletet.



Friluftslivinteresser, kulturmiljø og landskap

Prosjektområde for Møyåni kraftverk ligg i eit svært populært utfartsområde for friluftslivet. Område vert nytta til friluftsliv året rundt.¹ I ”Område for friluftsliv: Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland” (Fylkesmannen i Hordaland/ Hordaland fylkeskommune 2008) er området kring denne delen av Hodnaberg gjeve ”Noko verdi”. Sør og vest for prosjektområdet ligg eit større område som er klassifisert som ”Stor verdi” for Friluftslivet. Midt i Hardingaskaret går kommunegrensa mellom Kvam herad og Voss kommune. Hardingaskaret mot Kvam, og tilgrensande område kring delar av Blåkollvatnet, Løkjedalstjørnane, Sveindalseggi, Løkjedesdalsnuten med Songrøvatn og områda i tilknyting til Fyksesund har fått ”Stor verdi” i den regionale kartlegginga av friluftslivet.

Den regionale verdisetjinga reflekterer ikkje ei eventuell lokal verdisetting og lokal bruk av området. Ei målsetjing er at friluftslivsområder skal kartleggjast og verdisetjast på kommunalt nivå innan 2018 etter rettleiar M98:2013 (Miljødirektoratet 2014).² Det er førebels ikkje gjennomført ei lokal kartlegging av friluftslivverdiane i dette området. Området kring Hodnaberg er godt tilrettelagt for friluftsliv, og området tiltrekker seg både lokale og regionale friluftslivutøvarar. Både Voss Utferdsdag og Bergen og Hordaland Turlag har aktivitetar og arrangement i området.

- I området kring Hamlagrøvatnet finn ein gardar og eit vakkert stølsområde, og det går eit nettverk av stølsstiar som bind saman Vosse-, Kvamma- og Bergsdalsfjella.
- Området har kulturhistoriske vandruter med regional- og lokalhistorisk tyding.
- Området er ein del av eit større samanhengande området som er svært viktig i friluftslivsamanhang.

Hodnaberg er også utgangspunkt for turar til turisthytta Torfinnsheim tilhøyrande Voss Utferdsdag. I fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021 vert det skrive: ”Hodnaberg er viktigaste oppfartsområde til Kiellandsbu, som ligg i naboområdet i sør”.



Kart 1 Oversyn over T-merka turstier i prosjektområdet kring Hodnaberg.

Det går bilveg fram til kraftstasjonen på Hodnaberg. Møyåni er godt synleg i landskapet. Landskapsrommet kring Møyåni i nedre del av elva er prega av tyngre tekniske inngrep. Like ved ligg Hodnaberg kraftstasjon. Det går ei rørygate ned langs fjellsida frå Torfinnsvatn til Hodnaberg kraftstasjon. Ein liten del av nedre elvelaupet til Møyåni er retta ut og erosjonssikra. Frå kraftstasjonen går det ein grusveg som eit stykke følgjer Møyåni parallelt fram til om lag kote 670. Ved om lag kote 670 går grusvegen mot aust, medan T-merka tursti går vidare langs Møyåni og opp til nedre Kvålsdalstjørni. Elva er godt synleg frå grusvegen og T-merka tursti. Ved nedre Kvålsdalstjørni er det eit stiskille. Dersom ein tek av mot aust – over ei hengebru ved utlaupet av nedre Kvålsdalstjørni - kan ein følgja T-merka sti vidare mot Torfinnsheim turisthytte. T-merka rute følgjer her forbi stølsgrenda i Kvålsdalen. Dersom ein går vidare sørover kan ein følgja ruta Hodnaberg – Botnen.



Bilete 2 Hodnaberg kraftstasjon med røygate. Møyåni til høgre i biletet.



Bilete 3 Møyåni ved utlaupet i Hamlagrøvatnet (til venstre). Møyåni ved Hodnaberg kraftstasjon (luftfoto fra norgebilder.no, til høgre).

Turstien langs Møyåni er skildra i boka "Opptur Hordaland" (Anne Rudsegen og Finn Loftesnes, 2. opplag, 2007), i avsnittet "Hodnaberg – Botnen: Frå fjell til fjord etter gammal rideveg", ss.164-165: "Den 5. august 1892 vart reidslevegen mellom Hodnaberg og Botnen opna. Ein fekk då eit alternativ til den rasutsette Trongedalen. Den nye ridevegen vart m.a.



bygd som turistveg, og ein har fleire gonger måttta ta han att, etter som ras og utglidinger har øydelagt traseen. Seinast i 2002 gjenopna Voss Utferdsdag ruta, etter at dei hadde leita fram att stien i Løkjesdalen og fått han varda og merkt. Turen startar på Hodnaberg. Dit kjem ein ved å ta av frå E16 ved Bulken og køyra ca. 13 km i særleg retning og fram til Hodnaberg. Frå kraftstasjonen går ein først på grusveg sørover, og ein når fort litt høgde opp lia før vegen går over i sti. Stien er merkt med rauda T-ar. Ein går langs venstre side, austsida, av elva Møyåni. Ved 770 moh. kjem ein opp til nedre Kvålsdalstjørnra, der ein kryssar over på hengebru litt utover vatnet. Ein har no nesten nådd høgda i Hardingaskaret, som ein kan sjå som ei kløft i fjellet framføre seg. På vegen vidare sørover ser ein opning av ein tunnel der vatn blir leia frå Songrøvatnet til nedre Kvålsdalstjørnra og vidare ned til Hamalgrøvatnet. Dette var eit arbeid som vart gjort i 1951 og som førte til større vassføring og høgare produksjon, tilsvarannde 25 mill kWh fordelt på tre kraftstasjonar”.




Bilete 4 Hardingaskaret (til venstre). Frå Nedre Kvålsdalstjørn kan ein følgja T-merka tursti vidare sørover gjennom Hardingaskaret mot Løkjesdalsnuten og Kiellandbu Turisthytte. Til høgre: kart som syner T-merka sti vidare frå Nedre Kvålsdalstjørn gjennom Hardingaskaret.

I eit historisk perspektiv har området også ei viktig tyding for utviklinga av fjellturisme og friluftslivet. Ruta frå Hodnaberg – Botnen er ei kulturhistorisk vandrerute.³ Den Norske Turistforening gav mellom anna tilskot til oppretting av ein rideveg frå Botnen til Hodnaberg. Overretssaksførar Kaspar Kielland var initiativtakar til ridevegen frå Hodnaberg til Botnen. Det var Kielland som også fekk reist ei bu på Løkjesdalsnuten i 1884. Turisthytta Kiellandbu er reist der den gamle bua frå 1884 låg. I 1892 vart det opna ein rideveg som gjekk frå Hodnaberg til Botnen. I Søndre Bergenhus Folkeblad (utgjeve i Norheimsund) stod det å lesa 5. august 1892: ”Den nye vei over Hodnaberg ved Hamalgrøvand ned til Fiksensund blev indviet isøndags”. I årbok for Den Norske Turistforening 1891/1892 står det følgjande for Statsbidraget 1890/1891 post 16: ”Overretssagsfører K. Kielland, Bergen, bidrag til oparbeidelse av ridevei frå Botnen ved Fiksensund til Flatebøfjeld... 300.00”.⁴ For



Statsbidraget 1891/1892 står følgjande under post 10: "Overretssagfører K. Kielland, Bergen, bidrag til fuldførelse af rideveianlægget fra Fiskensund over Løkedalsnuten (Flatabøfjeld) til Hodnaberg ved Hamlagrøvand (Vos) ... 400.00".⁵

Kaspar Kielland skriv sjølv om rideveien i årboka til Den Norske Turistforening 1891/1892: "Når denne vei bliver fuldført fra Botnen frem til Hodnaberg vil det utvivlsomt blive en meget søgt forbindelsesvei mellem Vos og Hardanger; jeg vil derfor meget anbefale, at der her gives yderligere bidrag, så veiarbeidet kan føres helt frem. Vosingerne skal være villige til at arbeide vei inntil grænsen mellom Vos og Hardanger. Efter den sjeldent isolerte og dominante beliggenhet, Løkedalsnuten har, må utsigten herfra være storartet, hvilket også fremgår av dr. Reusch's artikel i årbogen 1889".⁶



Kart 2 Kartskisse av Dr. Hans Reusch. Kartskissa syner vegen fra Hodnaberg, langs Møyåni, Nedre Kvålsdalstjørni, til Botnen (Fiksensund). Flatbøfjeld er også kjent som Løkjesdalsnuten. Kjelde: Artikkelen "En Storartet Udsigt" i Årbok for Den Norske Turistforening, 1889.

Området har også kulturhistorisk tyding då det inneholdt eit nettverk av gamle stølsvegar: "Ein fjellveg som ofte vart nytta var over Hardingaskaret - Lien stølen ved Hamlagrø, over Vende - Fitjadalen til Øystese. Denne vegen er 3 mil, og vert nytta av stølsfolk og turfolk til denne dag", s. 287 Bygdebok for Bergsdalen (band 1). Stølsvegane er framleis av stor tyding for friluftsliv, jakt og fiske. Nettverket av stølsvegar i dette området er skildra av Samson Bjørke i boka "Folket og fjellet: Ein stølsheim i Hardanger" (Samson Bjørke, 1985).



Det er relevant å sjå til retningslinje R8 i fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021: ”I område med direkte tilknytning til verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ein vise varsemd med løyve til ny vasskraftutbygging”.

Røygata og inntaksområde er planlagt i eit fjellområde som er klassifisert som sårbart høgfjell med ”Middels verdi”. Det er relevant å leggja vekt på retningslinje R4 nummer 2 i fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021: ”I andre område med sårbart høgfjell bør ein vise varsemd med løyve til ny kraftutbygging, spesielt i eksponerte område mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde”. Nedre Kvålsdalstjørni er i dag ikkje å rekna som regulert. Inntaksmagasin er planlagt i nedre Kvålsdalstjørni, som vert regulert med $\pm 0,5$ m. Kraftstasjonen vil liggja ved Hamlagrøvatnet. Nordkraft Vind og Småkraft AS har etter vårt syn ikkje presenterer ei tilstrekkeleg terrengvisualering av sjølve damkonstruksjonen ved nedre Kvålsdalstjørni.

Norconsult og Rådgivende Biologer har vurdert konsekvensane for inngrepsfrie naturområder ulikt. Norconsult har satt konsekvens for inngrepsfrie naturområder til ”Liten negativ (-)” (konsesjonssøknaden s. 35 av 39), og Rådgivende Biologer har vurdert konsekvens til ”Ubetydelig (0)” (s. 34 i Rapport 1940). Vi ber Noregs vassdrags- og energidirektorat kvalitetssikre konsekvensvurderinga av inngrepsfrie områder, og avklare med Miljødirektoratet kva som er den reelle reduksjonen av inngrepsfrie naturområder i høve oppdatert datagrunnlag INON:2013.

Hydrologi

Ein del av vassføringa i Møyåni er eit resultat av overføringa frå Songrøvatnet til Hamlagrøvatnet. Overføringstunnelen gjennom Songrøfjellet kjem ut i nærleiken av nedre Kvålsdalstjørni. I konsesjonssøknaden vert det påpeikt, s. 10: ”Overføringen gjør at Møyåni i dag har en vannføring som er 5-6 ganger større enn under naturlige forhold. Vetla Torfinnsvatnet drenerer naturlig mot Hardangerfjorden, men er overført mot Songrøvatnet ved at det er sprengt en kanal i nordvestenden av vannet”. I konsesjonssøknad frå Voss Energi AS gjeldande planar om overføring av Svartavatnet til Torfinnsvatnet (NVE saksnummer 201307395) står det: ”77 % av det årlege tilsiget til elva Møyåni er kunstig tilført via overføringstunnel frå Songrøvatn (...) Ei overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn medfører at årleg vassføring i Møyåni vert redusert med 34 %”.

I konsesjonssøknad for Møyåni vert det skrive, s. 28: ”Utbyggingen vil gi redusert vannføring i Møyåni på utbyggingsstrekningen, men ettersom det meste av vannet i Møyåni er kunstig overført frå nabofelt, vil vannføringen etter utbyggingen bli meir på nivå med slik elva var i naturlig tilstand. Som et avbøtende tiltak er det foreslått å slippe en minstevannføring svarende til 5-persentile for det uregulerte lokalfeltet vinterstid (7 l/s) og sommerstid (32 l/s)”.

Dette estimatet og denne vurderinga er ikkje basert på ein situasjon der eventuelt Svartavatnet vert overført til Torfinnsvatnet. Voss Energi AS har heller ikke føreslått minstevassføring på strekket frå Svartavatnet ned til Songrøvatnet. Utbyggjar Nordkraft Vind og Småkraft AS har lagt fram eit alternativ 2 for Møyåni kraftverk, dersom Voss Energi AS får løyve til ei overføring.



Bergen og Hordaland Turlag



I samandraget til konsesjonssøknaden vert det vist til: ”Utbyggingen vil gi anleggstekniske inngrep i terrenget langs Møyåni, men på sikt vil disse arealene revegeteres med stedlig vegetasjon. Turistforeningen har en merket sti som går langs østsiden av Møyåni. Redusert vannføring i elva vil være negativt for det visuelle inntrykket på denne strekningen, men samtidig vil elva få en vannføring som er mer på nivå med slik det var før overføringen inn i vassdraget”. Turstien går langs Møyåni og vidare til nedre Kvålsdalstjørn, og turstien fører vidare sørover inn i eit område av ”Stor verdi” for friluftslivet. Møyåni utgjer her eit viktig landskapselement langs denne stien og opplevingsverdien for friluftsliv vil bli vesentleg redusert ved det omsøkte tiltaket.

Konklusjon: Området kring Torfinns- og Bergsdalsvassdraget er prega av fleire tyngre tekniske inngrep. Det er gjennomført fleire reguleringar, oppdemmingar og overføringar av elver og fjellvatn i dette området. Vi viser til at det også føreligg planar om overføring av Svartavatnet til Torfinnsvatnet (NVE saksnummer 201307395).⁷ Vi føreset at det er god kommunikasjon mellom storkraft- og småkraftavdelinga i NVE når det gjeld verknadene av desse prosjekta, og at det særleg vert lagt vekt på samla verknader for landskaps-, natur-, kulturmiljø- og friluftslivverdiar. Vi ber NVE leggja til grunn ei vurdering av samla verknader, jf. naturmangfaldlova § 10. Vi ber også om at ein søker å unngå ytterlegare tekniske inngrep i eit område som allereie har fleire inngrep frå før. Ut frå ei heilsakapleg vurdering meiner vi at det ikkje bør gjevast konsesjon til Møyåni kraftverk.

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag
(Sign.)

Richard Jacobsen
Styreleiar
Voss Utferdsdag
(Sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag
(Sign.)



Referansar:

¹ Sjå brosjyra ”Skiturer i Bergsdalen” frå Bergen og Hordaland Turlag:
http://www.kuva.no/BergenTurlag/bergsdalens/Skiturer_Bergsdalen.pdf

Sjå også brosjyra ”Bergsdalen og Kvamsfjella: Fra Voss til Hardanger”:
http://issuu.com/kuvakuva/docs/bergsdalens_bergenturlag_dig2

² Sjå rettleiaren ”Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder” (M98-2013), Miljødirektoratet 2014.
<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M98/M98.pdf>

³ Sjå artikkelen ”En Storartet Udsigt” av Dr. Hans Reusch (Den Norske Turistforenings Årbok 1889, ss. 11-13): ”Forfatteren kom i 1888 hertil fra Voss. Fra jernbanestationen Bulken, den første station i vest for Vossevangen, går man omtr. 16 km. først mod sv., så mod syd til Vossesæteren Hodnaberg ved den nordøstlige ende af det store fiskerige fjeldvand Hamlegrøen. På de sidste 2 km. bør man passe sig for ikke at tage feil af veien og komme for langt vestlig til ”Rasbårna”. Hodnaberg er et godt sæterkvater; folkene har et part feltsenge til brug for fremmede. Fra Hodnaberg kan man fortsætte veien ret mod syd omrent 12 km. til bunden av Fiksensund og herunder gjøre en afstikker på 2-3 timer til Flatebøfjeldet”. Om Utsikta frå Løkjesalsnuten/ Flatabøfjellet skriv Reusch vidare: ”Udsigten ligner adskiligt den fra Stalheimsleven, der som bekjendt også nydes fra et fjeldfremsspring øverst i en trang dal; en forskjel er, at man her udenfor dalen ser vand, først Fisksensund og så Hardangerfjorden. Hinsides denne løfter sig Folgefonna som et storknet hav over det flydende. På venstre hånd har man nær ind på sig en vældig, af lodrette språkker furet fjeldvæg, der danner den øverste del af den steile, næsten 1000 m. høie dalside i øst for Flatebøsæteren. Der er ingen tvivl om, at den her omhandlede udsigt, når den bliver mere kjendt, vil trække reisende til den hidtil forholdsvis lidet befærdede rute, der fører over Hamlegrøen mellem Voss og Hardanger. Om nogle år kan man kanskje få se en hytter her; ikke få blandt de tusender av turister, der færdes på Voss, vilde vistnok, gjerne, om en sådan fandtes, gjøre en tur hertil”.

⁴ Sjå Årbok for Den Norske Turistforening 1891/92, s. 103.

⁵ Ibid.

⁶ Sjå s. 142 i årbok 1891/92 for Den Norske Turistforening.

⁷ Sjå høyringsuttale sendt til NVE saksnummer 201307395 frå Voss Utferdsdag og Bergen og Hordaland Turlag, datert 5. desember 2014. Innspel til sumverknadsvurdering i denne fråsegna er også relevant for dette prosjektet.